



Anders Konglevoll  
Konglevoll 19  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2473 - 16/20842

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.08.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 54/1 Konglevoll

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.08.16.

Tiltaket er søkt oppført på gbnr. 93/1, ikkje gbnr. 54/1 slik som omsøkt, det er same heimelshavar. Vi ber om stadfesting på dette.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Terrengsnitt som syner eksisterande terreng og framtidig terreng i samband med etablering av bygning.
2. Fasadeteikningar må påførast terrenglinjer.
3. Fagmessig utført situasjonsplan i målestokk 1:500 som er påført ytre hovudmål på tiltaket.
4. Arealet er avsett til innmarksbeite og det må søkjast landbruksavdelinga om løyve til omdisponering av arealet.

Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er positiv til estetikken i det aktuelle bygget, og rår til at ein omprosjekterer og søkjer om eit bygg i tradisjonell byggestil jf. kommuneplanen sin arealdel § 5.1 og § 5.2. Vi har ikkje stilling til om tiltaket kjem inn under LNF-føremålet og kan søkjast om som driftsbygning i landbruket, dette vil verte vurdert etter uttale frå landbruksavdelinga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.09.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Vi gjer merksam på at saka vert sendt på høyring høyring til landbruksavdelinga når den er supplert, saka oppfyller soleis ikkje vilkåra for 3 vekers sakshandsaming.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Anders Konglevoll

Konglevoll 19

5956

HUNDEVIN